



Kursplan

Samfunnsentreprenøren – den nye innovatøren.

«Kunnskap, verktøy og inspirasjon»

Innleiing

Samfunnsentreprenøren – den nye innovatøren. «Kunnskap, verktøy og inspirasjon».

Gjennom dette kurset er målet å styrke den «lokale vekstkrafta» nedanfrå i kommunar og regionar, samt å gje nyskaparar kompetanse og mulegheit til å gå vidare med eigne planar om eigne og felles satsingar.

Vi har teke utgangspunkt i desse to målsetjingane, og bygt dette kring ein samlingsbasert modell der fokus ligg på auka forståing, klarare identifikasjon og aktivt arbeid med tilrettelegging og foredling av lokale ressursar (kunnskap, natur, kultur og samfunn) gjennom utstrekt bruk av brei lokal medverknad og mobilisering. Sentrale spørsmål i kurset vert difor:

- Kva er ressursgrunnlaget mitt/vårt?
- Kven er dei potensielle aktørane i vidareforedling og utvikling av dette?
- Korleis kan me samarbeide breitt i denne vidareforedlinga – og kva rolle kan kommunen/hjelpeapparata spele?

Fagleg forankring til HGUt

HGUt er ein offentleg godkjend privat høgskule som både driv forskning og utvikling og tilbyr fleksible høgskulestudiar med fokus på bygdene sine behov, nærings- og lokalsamfunnsutvikling. Høgskulen ligg på Bryne i Time kommune, midt i eit av landets mest innovasjonssterke miljø. Høgskulen er organisert som ei stifting. HGUt sin visjon er å vere ein sentral kunnskapsleverandør for levande og livskraftige lokalsamfunn. HGUt har som mål å vere Noregs fremste kunnskapsmiljø for bygde- og lokalsamfunnsutvikling.

Fagleg innhald kurset er m.a. henta frå HGUT sitt årsstudium i Nyskaping (60 stp) og Bachelorstudium i nyskaping og regenerativ utvikling (180 stp). Båe studiar er akkrediterte av NOKUT/Kunnskapsdepartementet. Desse to studietilboda er unike i Skandinavia og er spesielt retta mot det å kunne nytte lokal og tradisjonell kunnskap samt natur- og kulturbaserte ressursar på nye og nyskapande måtar.

Vidare byggjer innhaldet på erfaringskunnskap HGUt har samla gjennom aktiv deltaking i innovasjons- og nyskappingsarbeid, både i inn- og utland, gjennom dei siste tjue åra.

Kollektive utviklingsprosessar og nettverksbygging er store og viktige tema i all undervisning som skjer ved HGUt, og fagmiljøet har utvikla ein eigen modell for brei, lokal mobilisering og å bruke dette aktivt i utviklingsarbeid. Studentane som tek dette kurset vil få ei innføring i denne.

HGUt har eit sterkt og breitt fagmiljø rundt lokal samfunnsutvikling og entreprenørskap. Dette miljøet har internasjonal tyngde, men er likevel tydeleg forankra i norske (så vel som i europeiske) rurale område og lokale bygde- og tettstadmiljø. Teamet som skal gjennomføre kurset kjenner og svært godt dei potensiale og utfordringar som er knytte til lokalsamfunnsutvikling og entreprenørskap.

Undervisningsteam

Når det gjeld lokal ressursidentifisering og endogene («heimlege», nedanfrå-og-opp) utviklingsprosessar med brei kollektiv medverknad, har HGUt eit fagmiljø med høgt internasjonalt nivå. Dette miljøet har vore og er involvert i ei rekkje pågåande nasjonale og internasjonale FoU-satsingar rundt nyvinnande stad- og næringsutvikling. Erfaringar og kunnskap frå dette arbeidet vil koma kursdeltakarar til gode.

Følgjande team – alle fagpersonar knytte til HGUT si bachelorutdanning i lokal og regenerativ utvikling – deltek i gjennomføringa av kurset:

Kursleiar

Seniorforskar Johan Barstad. Barstad er utdanna samfunnsøkonom og lokalsamfunnsplanleggjar. Han har lang erfaring med forskning, utvikling og evaluering knytt til offentlege utviklingsoppgåver. Barstad er ansvarleg for økonomifaga ved HGUt.

Siste åra har han arbeidd aktivt med tilsvarandekunnskapsdanning for kompetansebygging i regi av over 25 EØS-prosjekt, gjennomført frå Estland i nord til Kypros i sør

Medførelsarar

Førsteamanuensis i bygdeutvikling ved HGUt, dr. Rhys Evans. Evans har doktorgrad. i kulturgeografi. Han kom til HGUT i 2010. Før dette arbeidde han i mange år med identifisering og utvikling av rurale ressursar i britiske lokalsamfunn – særleg i Skottland. Evans har vore med og utvikla modellen ”Asset based rural development”, m.a. med fokus på å kunna omgjere lokale materielle og immaterielle ressursar til økonomiske verdjar.

Han har i tett samarbeid med kursleiar deltatt i dei ovanfor nemnde EØS-prosjekta

Andre samarbeidspartnarar kan bli nytta til enkeltforelesingar og i samband med praktisk gjennomføring.

Læringsmål

Kurset skal gje opplæring grunnleggjande innføring i *utviklingskompetanse*.

Utviklingskompetanse er offisielt læremål ved HGUt og gjennomsyrrar alle våre studietilbod.

Utviklingskompetanse dreier seg om det å kunne identifisere nyskappings- og handlingsrom både hos ein sjølv, i samarbeidsrelasjonar og i eigne omgivnader elles, og er ein kunnskapingsmodell som heile tida søker å gjera teori relevant for praktisk handling.

I praksis handlar dette gjerne om å læra opp evna til å kunne sjå det nye og sjå potensialet i lokalsamfunnet sine ressursar (*sjå det eksisterande med nye auge*), og kunne identifisere og vidareutvikle desse ressursane - både som enkeltaktør og/eller i nettverk saman med andre.

Oppbygging av utviklingskompetanse er såleis ei overordna målsetjing med kunnskapsformidling i kurset. Kursdeltakarane skal få grunnleggjande kunnskap om

- a) identifisering og vidareutvikling av lokale/regionale ressursar (kunnskap, natur, kultur),
- b) nyskaping og korleis slik aktivitet kan stimulerast og støttast,
- c) strategiar, modellar og suksessfaktorar i lokal/regional samskaping og mobilisering (med vekt på kommunen/hjelpeapparatet si rolle).

Alle tema vil vere bygde opp som eit samspel mellom relevant teori og konkrete strategiar og metodar for lokal mobilisering og stad/næringsutvikling.

Tematisk er der ein naturleg samanheng i kurset, der studenten gradvis skal verta i stand til å kunne setje eigen stad/aktivitet og denne sine ressursar inn i ei utviklings- og framtdsorientert ramme.

Det vert elles lagt til rette for at lokale og regionale erfaringar og komparative erfaringar frå andre stader i landet eller frå andre land kan drøftast med basis i kunnskapen som vert formidla gjennom kurset.

Både eksempla, undervisnings- og vurderingsforma vil verte skreddarsyast for å gje størst mogleg relevans og nytte for studentane på det aktuelle kurset. Bl.a. gjennom at deltakarane skriftleg skal bidra med ein kort presentasjon av eiga interesse/eigne mål med kursdeltakinga allereie ved oppstart av første samlinga. Desse ideskissene vil verte aktiv brukt for å tilpasse kursinnhaldet – og for å lette arbeidet med å utvikle desse fram mot prosjektbeskrivelsar for vidare satsing for den enkelte.

Fagleg utgangspunkt for kurset: det å kunne ta aktive grep for å forme den positive framtida

Me lever i ei tid med store handlingsrom, både på individuelt og kollektivt nivå. Dette gjeld og i lokalsamfunna våre. Samstundes kan handlingsromet berre gå frå å vera potensielle til reelle dersom dei vert identifiserte og/eller gripne! Utviklingsarbeid handlar om det å ta aktive grep for å utvikle framtdsrom for lokalsamfunnet. Det motsette, passivitet, vil i ei globaliserande tid oftast medføre at vi i aukande grad vert påverka av straumdrag og uttrykk som er utforma i sosiale og kulturelle miljø som liknar lite på våre og som difor i liten grad har rom for våre stadlege, unike verdiar.

I dette spenningsfeltet mellom *det å verdiskapa versus det å bli verdiskapt*¹ vil framtida for mange lokale samfunn bli definert. Positiv utvikling for våre lokalsamfunn handlar om at vi bidreg med aktiv handling i notid – handling for å sikre at staden sin kunnskap, natur og kultur får nye uttrykk, uttrykk som kan skapa brei interesse, engasjement og vidare aktiv deltaking.

Lokalsamfunnsutvikling handlar difor om å kunne finne rom i samtid og i framtid for vår stad, basert på denne staden sitt mangfaldige og unike verdigrunnlag. Samstundes er det å kunne

¹ Sjå Lønning, Dag Jørund: *Å verdiskapa eller bli verdiskapt?* Kronikk Bergens Tidende 06.02.11

sjå med nye auge på eige ressursgrunnlag – og å kunne utvikle dette saman i aktørfelleskap og nettverk – svært kunnskapskrevjande.

I dette kurset gir vi difor ei grunnleggjande innføring i teoriar, metodar og strategiar for korleis potensielt effektive og vellukka lokalutviklingsprosjekt skal kunne etablerast – utviklast og vere berekraftige. Kurset er delt i tre ulike, men likevel overlappande emne. Kwart emne vil bli grundig presentert på ei samling over to dagar. Samla tid for undervisning og kollektive drøftingar utgjer 7 heile dagar (2,5 + 2 + 2,5 dagar – i alt ca 42 skuletimar).

Oversyn over samlingar/emne:

1. Ressursgrunnlaget.

- Kva er lokalsamfunnet sitt ressursgrunnlag, og korleis identifiserer me dette?
- Korleis utviklar me ressursane våre vidare i samsvar med relevante mulegheiter/handlingsrom i samtida?

Her vil studentane bli kjende med ulike typar metodiske/strategiske tilnærmingar til det å kunna få auge på, og identifisere lokale ressursar (fysiske, sosiale, kulturelle, ...). Sentralt står kulturøkonomiske og fellesskapsorienterte tilnærmingar (utvikla på HGUt gjennom meir enn 15 års arbeid med lokal samfunnsutvikling). Formidlingsteknikkar for det lokale ressursgrunnlaget – t.d. interpretasjon – vil og bli introduserte.

I dette emnet vil vi og gje ei grunninnføring i forholdet mellom det lokale og det globale og kva lokalsamfunn er og kan vere, og korleis lokalsamfunnet kan gjera seg nytte av sentrale straumdrag i tida.

Emnet er bygd rundt 10 timar undervisning og 4 timar diskusjon/gruppearbeid.

2. Det nyskapande lokalsamfunnet.

- Kva er kreativitet og nyskaping og korleis kan slike prosessar identifiserast og støttast?
- Kva kjenneteiknar eit nyskapande lokalsamfunn?
- Kva er fellesskaping og korleis går me fram for å få breiast mogleg lokal mobilisering og medverknad?

Her vil kursdeltakarane få kunnskap om kva som motiverer til nyskaping - basert på lokalsamfunnet sine felles ressursar og korleis nyskapingprosessar mest effektivt kan støttast og styrkast. Korleis me kan etablere lokale system for å fange opp nyskaparar og eldsjeler. og trekkjer desse med i prosessar som kan kome også lokalsamfunnet til gode – ikkje berre nyskaparen sjølv?

Det vil bli spesielt lagt vekt på å formidle modellar og strategiar for effektiv og brei lokal mobilisering rundt felles tema – modellar som har vore prøvd ut i mange ulike lokalsamfunn over lengre tid. Studentane vil og få ei innføring i såkalla ”ressursbasert lokalsamfunnsutvikling”, utvikla m.a. av Rhys Evans gjennom arbeid i Skottland, Wales og England.

Emnet er bygd rundt 10 timar undervisning og 4 timar diskusjon/gruppearbeid.

3. Aktørar og prosessar i lokalsamfunnsutvikling med spesiell vekt på kommunen og andre tilgjengelege utviklingsaktørar (hjelpeapparatet).

- Kven er naudsynte og/eller moglege aktørar i vellukka lokale utviklingsprosjekt?
- Korleis trekkje desse med?
- Kva roller kan desse aktørane spele for utvikling og/eller eventuell igangsetjing/motivasjon?
- Korleis planleggje og etablere økonomisk, sosialt og kulturelt berekraftige utviklingsprosessar?

Dette handlar om aktørane, verkemidla og prosessane som gjeld i lokalsamfunnsutvikling. T.d. korleis kan det mest fruktbare samspelet mellom kommune og andre lokale aktørar etablerast? Kva rom distrikts- og regionalpolitikk gjev for aktiv involvering frå relevante aktørar? Ulike empiriske døme på aktiv kommunal involvering vil bli drøfta. Ein vil og gå tett inn på det å skulle etablere ein lokal samfunnsutviklingsprosess – på suksesskriteria, prosjektleiarutfordringane og ulike modellar/verktøy for mobilisering og medverknad.

Emnet er bygd rundt 10 timar undervisning og 4 timar diskusjon/gruppearbeid.

Omfang

Kurset består i alt av om lag 42 undervisningstimar, rettleiing og gjennomføring av eit sluttarbeid til vurdering (ei skriftleg oppgåve).

Opptak

Der er ingen formelle krav knytt til å delta på dette kurset. Interesse for og ønske om å arbeide med utvikling av eige/andre sine utfordringar og idear er det som trengst for å kunne gjennomføre

Vurdering/evaluering

Vurderinga består i ei skriftleg heimeoppgåve der studentane – evt. i grupper – skal nytte kursinnhaldet i ei drøftinga av eit pågåande eller skissert utviklingsprosjekt i eige lokalsamfunn/område – helst knytt opp mot skissa deltakarane tok med inn i kursopplegget.

Studentane møtest til ei felles munnleg presentasjon av oppgåvene. Der vil arbeida verte drøfta og vurdert i fellesskap med kurspersonell og -deltakarar

Kursbevis

Deltakarane får eit eige kursbevis på at dei har gjennomført **Samfunnsentreprenøren – den nye innovatøren. «Kunnskap, verktøy og inspirasjon»**.

Pensum

Pensum er på om lag 600 sider. Pensum består av lærebøker samt artiklar og arbeidsnotat.

Detaljert pensumliste vert sendt ut seinare